

Besl. O. nr. 23

Jf. Innst. O. nr. 23 (2000-2001) og Ot.prp. nr. 1 (2000-2001)

År 2000 den 30. november holdtes Odelsting, hvor da ble gjort slikt

vedtak til lov

om endringer i lov 6. juni 1975 nr. 29 om eigedomsskatt til kommunane

I lov 6. juni 1975 nr. 29 om eigedomsskatt til kommunane gjøres følgende endringer:

I

Ny § 8 A skal lyde:

§ 8 A Reglar om kommunefordeling av grunnlaget for eigedomsskatt for kraftanlegg

§ 8 A-1 Kommunefordeling av grunnlaget for eigedomsskatt for kraftanlegg sett i drift pr. 1. januar 2000

(1) *Kommunefordeling av grunnlaget for eigedomsskatt for kraftanlegg med kraftstasjon med installert effekt over 1000 kW sett i drift pr. 1. januar 1997, skal byggje på plasseringa av slike særskilte driftsmiddel i kraftanlegget som nemnt i § 1-1 andre ledet i forskrift av 20. januar 1997 nr. 79 om fastsettelse av skattemessige inngangsverdier pr. 1. januar 1997 for særskilte driftsmidler i kraftforetak og det fastsatte gjenanskaffingsverdet (GAV) for slike driftsmidler etter reglane i kapittel 2 i same forskrift. Kommunefordelinga av skattegrunnlaget skal skje i same høve som GAV for dei særskilte driftsmiddel i kraftanlegget som ligg i den enkelte kommune, har til samla GAV for alle særskilte driftsmidler i kraftanlegget. Fordelinga av GAV på dei særskilte driftsmiddel som ligg i kvar kommune, skal byggje på oppgåver frå Norges vassdrags- og energidirektorat og retningslinjer fastsett av departementet. GAV for adkomstanlegg skal ikke medrekna. GAV for reguleringsanlegg med tilhøyrande driftsmidler skal fordelast mellom alle kraftanlegg som har kraftstasjoner med installert effekt over 1000 kW som ligg nedanfor reguleringsanlegget, i høve til registrerte energiekvivalenter registrert hos Norges vassdrags- og energidirektorat for desse kraftstasjonane pr. 1. januar likningsåret.*

(2) *Kostpris for investeringar i særskilte driftsmidler i kraftanlegg som nemnt i første ledet og som vart ført i skatterekneskapet første gong for inn-*

tektsåret 1997 eller seinare år, skal nyttast som grunnlag for korrigering av den kommunefordeling av skattegrunnlaget som vert fastsett etter første ledet. Slik korrigering vert første gong gjennomført med verknad for eigedomsskatteåret 2002.

(3) *Ved kommunefordeling av eigedomsskattegrunnlaget for kraftanlegg med kraftstasjonar med installert effekt over 1000 kW sett i drift etter 1. januar 1997, med tilhøyrande særskilte driftsmiddel som ikke vart omfatta av GAV fastsett pr. 1. januar 1997, vert gjenanskaffingsverdet for slike driftsmiddel pr. 1. januar 2000 fastsett av Norges vassdrags- og energidirektorat. Ved fastsetjing av gjenanskaffingsverdet for slike driftsmiddel gjeld reglane i forskrift av 20. januar 1997 nr. 79 om fastsettelse av skattemessige inngangsverdier pr. 1. januar 1997 for særskilte driftsmidler i kraftforetak, tilsvarende. Reglane i første ledet gjeld tilsvarende.*

(4) *Ved kommunefordeling av eigedomsskattegrunnlaget for kraftanlegg med kraftstasjonar med installert effekt under 1000 kW sett i drift pr. 1. januar 2000, gjeld reglane i § 8 A-2 første ledet første og andre punktum tilsvarende.*

(5) *Ved kommunefordeling av eigedomsskattegrunnlaget for kraftanlegg som nemnt i tredje og fjerde ledet, gjeld korrigeringsregelen i andre ledet tilsvarende for investeringar som vart ført i skatterekneskapet første gong for inntektsåret 2000 eller seinare år.*

§ 8 A-2 Kommunefordeling av grunnlaget for eigedomsskatt for kraftanlegg sett i drift etter 1. januar 2000

(1) *Kommunefordeling av grunnlaget for eigedomsskatt for kraftanlegg sett i drift etter 1. januar 2000, skal byggje på plasseringa av slike særskilte driftsmiddel i kraftanlegget som nemnt i § 8 A-1 første ledet pr. 1. januar i likningsåret. Kommunefordelinga av skattegrunnlaget skal skje i same høve som kostpris for dei særskilte driftsmiddel i kraftanlegget som ligg*

i den einskilde kommune, har til samla kostpris for alle særskilte driftsmiddel i kraftanlegget. Har slike kraftanlegg kraftstasjonar med installert effekt over 1000 kW som ligg nedanfor eldre reguleringasanlegg, skal det takast omsyn til reguleringasanlegget med tilhøyrande driftsmiddel med dei verdiar som nemnt i § 8 A-1 første og andre ledet.

(2) Kostpris for investeringar i særskilte driftsmiddel som nemnt i § 8 A-1 første ledet i seinare inntektsår enn det året då kraftanlegget vart sett i drift, skal nyttast som grunnlag for korrigering av den kommunefordeling som vert fastsett etter første ledet.

(3) Reglane i første ledet gjeld tilsvarande for fordeling av eiendomsskattegrunnlag fastsett etter skatteloven § 18-5 sjette ledet.

§ 8 A-3 Kommunefordeling av grunnlaget for eiendomsskatt som verdsetjingsreglar ved utskriving av eiendomsskatt

Kommunar som får tildelt ein andel av eiendomsskattegrunnlag for kraftanlegg etter reglane i §§ 8 A-

I og 8 A-2 skal legge denne andel til grunn ved utskriving av eiendomsskatt på kraftanlegget.

§ 8 A-4 Gjennomføringsreglar

Reglane i ligningsloven gjeld tilsvarande så langt dei passer ved fastsettjing av kommunefordeling av eiendomsskattegrunnlag etter reglane i denne lova. Nærmore reglar om utfylling og gjennomføring av denne paragraf vert fastsett av departementet i forskrift.

II

Endringene under I trer i kraft straks med virkning fra eiendomsskatteåret 2001.

Jorunn Ringstad

president

Olav Gunnar Ballo

sekretær